

# MØTEBOK

## FELLESRÅDSSAKER

---

**Førehaving av:**  
Austrheim sokneråd

**Møtestad:**  
Kyrkjelydshuset

**Møtedato:**  
23.03.2022

---

**Tilstades på møtet:**

**Medlemmer:** Helge Dyrkolbotn, Bjørn Helge Olsen, Inger Synnevåg, Arne Lerøy, Gerd Marie Solheim, Edvard Bjerkestrand.

**Varamedlemer:** Linda Skålevik Syslak.

**Andre:**

Kommunal representant : Hege Ramsland.

Kyrkjeverja: Leif Arne Økland

**Desse hadde meldt forfall:** Torill Hordvik, Kine Lerøy, Kjell Dahle, Anne Dahle Austrheim.

**Møtte ikkje:**

**Saker til førehaving:**

F – 06/22 – F – 12/22

**Til møtet var medlemer skriftleg innkalla.**

**Underskrift:**

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

F – 06/22 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Framlegg til vedtak:

*Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader*

Vedtak:

*Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader*

F – 07/22 FRAMLEGG TIL UNDERSKRIFT AV DAGENS MØTEBOK

Vedtak:

*Gerd Marie Solheim og Arne Lerøy*

F – 08/22 GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 26.01.2022

Vedtak:

*Møteboka frå 26.01.2022 vart godkjent utan merknader.*

F – 09/21 ORIENTERINGAR:

- Fjon Fjellkyrkje – møte om eigarform.  
Sagt i møtet: *Arne Lerøy har frå gammalt av vore soknerådet sin representant til Rådsmøtet for fjellkyrkja. Vi er usikre på om det er komen inn ein erstattar for han. Sjekk ut om det har komen inn ein erstattar for han. Det skal vera eit rådsmøte 24.mai som skal gjera endringar i eigarforma for at fjellkyrkja kan bli ei sjølvstendig juridisk eining og ikkje som no, eit underbruk av Masfjorden sokn.*
- Møte med kommunaleiinga 17.03  
Sagt i møtet: *Vi hadde eit positivt møte med kommunedirektøren, kommunalsjefen og ordføraren, om framtida for kyrkjelydshuset. Kort fortalt enda det opp med at kommunedirektøren innstiller på at soknet får disponera Kyrkjelydshuset dei neste 5 åra og at tenesteytingsavtalen vert gjennomgått på nytt.*

F – 10/22 JUSTERING AV LEIGESATSAR KYRKJELYDSHUSET

Framlegg til vedtak:

*Austrheim sokneråd justerer satsane for leige av kyrkjelydshuset med verknad frå 1.april 2022:*

Salen nede inklusiv kjøkken:

- *Private/kommersielle - enkeltleige: kr 1.750,-*
- *Lag/organisasjonar – enkeltleige: kr 750,-*
- *Lag/organisasjonar med leige om lag 1 gong i veka:  
Maksimal årspris: kr 4.500,-.*
- *Lag/organisasjonar med jamnlege men ikkje vekentleg leige  
Maksimal årspris: kr 3.000,-.*

- Alle som leiger på desse vilkåra skal gjera reint og rydda etter seg.
- Ekstra vask etter leige: Tilsvarande enkeltleige: kr 1.750,-

Møterom oppe inklusiv kjøkken oppe:

- Private/kommersielle – enkeltleige: kr 300,-
- Lag/organisasjonar – enkeltleige: kr 150,-

Kyrkjekontoret får fullmakt til å forhandla fram ein viss kompensasjon for oppvarming av lagerrommet til instrumenta til skulemusikken.

Vedtak:

*Austrheim sokneråd justerer satsane for leige av kyrkjelydshuset med verknad frå 1.april 2022:*

Salen nede inklusiv kjøkken:

- Private/kommersielle - enkeltleige: kr 1.750,-
- Lag/organisasjonar – enkeltleige: kr 750,-
- Lag/organisasjonar med leige om lag 1 gong i veka:  
Maksimal årspris: kr 4.500,-
- Lag/organisasjonar med jamnlege men ikkje vekentleg leige  
Maksimal årspris: kr 3.000,-
- Alle som leiger på desse vilkåra skal gjera reint og rydda etter seg
- Ekstra vask etter leige: Tilsvarande enkeltleige: kr 1.750,-

Møterom oppe inklusiv kjøkken oppe:

- Private/kommersielle – enkeltleige: kr 300,-
- Lag/organisasjonar – enkeltleige: kr 150,-

Kyrkjekontoret får fullmakt til å forhandla fram ein viss kompensasjon for oppvarming av lagerrommet til instrumenta til skulemusikken.

Sagt i møtet: Når ein skal fornya interiøret bør innkjøp av ei ny oppvaske-maskin bli prioritert. Kanskje kan vi få hjelp av lag og organisasjonar for å få hjelp til oppussing? Soknerådet ønskjer at vi lagar skriftelege avtalar med kora, med tanke på å få plass ei oversiktleg årsleige.

I soknerådet kom det fram både for og motargument mot nivået på leiga. Soknerådet er likevel samde om at det er på sin plass med ei justering av leigesatsane og at dei samstundes ikkje er urimeleg høge slik at dei vert eit hinder for at det let seg gjera å leiga.

Bakgrunn:

Sist leigesatsane på kyrkjelydshuset vart justert var i vedtak tilbake til februar 2017. Sidan det har gått 5 år, så er det behov for å sjå på behovet for å justera satsane på nytt, ikkje minst sett i forhold til varig auka straumprisar.

Soknerådet gjorde eit bevisst val for 5 år sidan og skrudde opp prisane for utleige til private. Dette gjaldt i hovudsak for salen nede, inklusiv kjøkkenet. Vi hadde på den tida eit ganske stort trykk på utleige til barnebursdagar og

leigeprisen var då 600 kr. Soknerådet var av den oppfatninga at prisen ikkje stod i forhold til slitasjen. Prisauken førte til ein effektiv stoppar for denne typen utleiger.

Dette er gjeldande utleigesastsar vedtatt av soknerådet i februar 2017:

Salen nede (inkl kjøkkenet):

- |   |          |
|---|----------|
| • Private/kommersielle  | kr 1.500 |
| • Lag/organisasjonar  | kr 500   |
| • Lag/organisasjonar med leige<br>ca 1 gong i veka, maksimal årsleige                   | kr 3.000 |
| • Lag/organisasjonar med månadsleige<br>kr 300 kvar gong – maksimalt kr 2 000 kvart år. |          |

Møterom oppe:

- |                        |                  |
|------------------------|------------------|
| • Private/kommersielle | kr 200 kvar gong |
| • Lag/organisasjonar   | kr 100 kvar gong |

Vi har også satsar for leige av heile huset og tilleggsgebyr ved for dårleg reinhald.

I praksis har det ikkje vore aktuelt å leiga ut heile huset.

Soknerådet har tidlegare lagt vekt på at ein ønskjer å skilja på utleige til private/kommersielle på den eine sida og lag/organisasjonar på den andre. Soknerådet har meint at ein skal leggja til rette for aktiv bruk av huset og leggja forholda til rette for at interessegrupper i kommunen bør få lagt til rette for rimeleg leige. Private og kommersielle bør betala full pris.

Det har naturleg nok ikkje vore utleigeinntekter under pandemien. No tek utleigene seg opp.

Private leiger salen nede til ulike familiesamankomstar. Kommersielle leiger salen nede i samband med minnesamvær (vanlegvis Knuter Catering).

Av ikkje-kommersielle vert salen nede no leigd ut til både seniorkoret og songlaget. Dei ønskjer å øva her framfor på samfunnshuset. Elles har bygdelag, lokale politiske lag, fagforeiningar og kyst og sogelaget leigd salen nede.

Møterommet vert leigd ut til mindre grupper. Av komersielle grupper får vi til dømes spørsmål frå Jokerbutikken til å ha styremøte her.

Av lag/organisasjonar får vi spørsmål om å leiga møterommet frå båtlag, landbruksorganisasjonar lokalt og liknande.

Møterommet vert også jamnleg brukt av Kjerringrokken til sine møter. Sidan dei driv si verksemd som ein del av kyrkjelyden sitt arbeid, så betalar ikkje dei leige.

Det same gjeld sjølv sagt annan verksemd i trusopplæringa.

Vi manglar elles ein sats for ekstra vask, det vil seia i dei tilfella der leidgetakar ber om å sleppa å ta utvask.

**Seniorsenteret**, som kanskje er det nærmeste for oss å samanlikna oss med, har følgjande leigesatsar for sine utleiger: «*Våre leigepriser er kr 2000,- for private samlinger/fest, kr 1500 for lag/ org og kr 750 for et møte.*» (i mail frå Rigmor Ludvigsen 16.02.22).

Skulekorpset leiger eit rom ved vestibylen med eigen inngang. Her har dei lagra sine instrument. Soknet har i alle år betalt for straumutgiftene som har gått med til dette. Med vinterens formidable prisauke på straum, er det på sin plass å stilla spørsmål ved om det kan vera rimeleg at korpset dekker sine eigne straumutgifter. Det vil vera vanskeleg å definera kor mykje dette er. Den mest rasjonelle måten å gjera dette på, vil kunna vera at ein blir enige om ein prosentsats som korpset betalar og at det vert sendt eit refusjonskrav 1 eller 2 gonger i året.

Elles nyttar Trond Einar Sørensen bandrommet/det gamle trykkerirommet til lager for mykje av sitt utstyr, i tillegg til at soknet sjølv har ein del ting ståande i samme rommet. Her står det ikkje på varme. Trond Einar kompenserer sin leigefordel i forhold til soknet med å ta på seg ein del gratisarbeid for oss. Dette er ei ordning begge partar har fordel av.

Soknerådet bør ta stilling til følgjande:

- Bør ein justera opp satsen for leiga av salen nede? Særskilt gjeld dette for private/kommersielle.
- Bør ein justera opp satsane for lag/grupper som leiger salen nede på jammleg basis.
- Bør leiga av møterom 2 (inkl kjøkken oppe) justerast opp?
- Bør korpset betala ein kompensasjon til soknet for straumutgifter?

#### Drøfting:

Det synest vera på sin plass at leigeprisane for bruken av kyrkjelydshuset vert justert opp i nokon grad, sidan det er 5 år sidan sist vi har hatt ein tilsvarande gjennomgang. I forhold til Seniorsenteret er vi ikkje prisdrivande, utan å overdriva.

På den andre sida skal vi vera eit hus som vert brukt av bygda, enkeltpersonar og ulike lag og organisasjonar i kommunen. Vi bør difor ikkje prisa oss ut. Ein kan også argumentera med at vi har (og forhåpentlegvis vil ha) ei gunstig leigeordning med kommunen. Det bør også gjenspeglast i forhold til dei som ønskjer å leiga hos oss. Det er ein form for goodwill vi er avhengige av, også med tanken på å bli verande der vi er.

Det synest vera opplagt at begge kora som øver her, bør har spesialavtalar med oss, slik dei har no. Dei ønskjer å øva her, fordi kyrkjelydssalen ifølgje dei er langt betre eigna som øvingslokale enn dei alternativa dei har på samfunnshuset. Men om vi skrur opp leigeprisen, kjem dei fort i den situasjonen at dei ikkje har økonomi til å øva.

Det mest opplagte synest vera å kunna auka prisane i forhold til private/kommersielle. Utleige av møterom 2 (med tilgang til kjøkkenet oppe) er prisa for lågt. Med dei straumprisane vi no har hatt, er det sannsynlegvis slik at vi taper pengar på å leiga ut, sidan leiga er alt for lågt prisa.

## F – 11/22 GODKJENNING AV REKNESKAPEN FOR 2021

### Framlegg til vedtak:

*Austrheim sokneråd godkjenner, med etterhald av revisjonen si endelige godkjenning, soknet sin rekneskap for 2021. Meirforbruk drift på kr 280 719,32 vert henta inn frå ubunde driftsfond. Mindreforbruk investering på kr 52 887,- vert overført til ubunde investeringsfond.*

### Vedtak:

*Austrheim sokneråd godkjenner, med etterhald av revisjonen si endelige godkjenning, soknet sin rekneskap for 2021. Meirforbruk drift på kr 280 719,32 vert henta inn frå ubunde driftsfond. Mindreforbruk investering på kr 52 887,- vert overført til ubunde investeringsfond.*

### Bakgrunn:

Rekneskapen for 2021 er no klar. Driftsresultatet syner eit meirforbruk på kr 273.314,-. Meirforbruket er dessverre ikkje uvanta, sidan det kommunale tilskotet i 2021 var identisk med det vi fekk tildelt i 2020. Og rett før 2020 fekk vi med eit pennestrøk eit nedtrekk på kr 500 000, etter at budsjettet var lagt tidlegare same hausten. Grunngjevinga var då at kommunen var i ein svært vanskeleg økonomisk situasjon og at soknet måtte bidra på lik linje med andre avdelingar i kommunen. Frå soknet si side har vi på ingen måte vore uvillige til å bidra. Vi synest likevel eit nedtrekk på 15% i ein eingong, var i drygaste laget. I forkant av budsjettet for 2021 ønskte administrasjonen å trekkja soknet ytterlegare i det kommunale tilskotet. Dette fekk vi heldigvis stoppa, med god hjelp frå det politiske fleirtalet. Soknerådet har peikt på at det er krevjande å utføra dei oppgåvene vi er pålagte med så stramme økonomiske rammer frå kommunen.

I 2020 fekk vi, trass i den reduserte kommunale tildelinga, likevel eit driftsresultat med eit mindreforbruk på om lag 34 000 kroner. Den enkle forklaringa på dette handla hovudsakleg om fråvær av trusopplæringsstiltak, ingen konfirmantleir og uvanta inntekter i form av sjukelønsrefusjon får NAV. Kort og godt fråvær av utgifter vi skulle hatt og påfyll av inntekter vi ikkje skulle hatt. I eit normalår ville vi bruk om lag 300 000 meir enn det vi gjorde. Koronaåret 2020 var heilt spesielt i så måte og kan ikkje brukast som eit samanlikningsgrunnlag.

Denne argumentasjonen syner seg å halda stikk når vi ser på driftsrekneskapen for 2021. Nokre av trusopplæringstiltaka er komne i gang igjen og konfirmantane fekk reisa på leir. Lønnskostnadane og dei sosiale utgiftene auka meir enn det som var budsjettert. Også i 2021 fekk vi inntekter i form av sjukelønsrefusjon, som vi ikkje budsjetterer med. Behovet for vikarløn auka likevel meir enn det som vart refundert i sjukeløn. Vi hadde også ei enkeltståande utbetaling for produksjon av jubileumsboka til Kyrkjebakken. Denne delte vi ut gratis til alle husstandane i kommunen. Dette er dei viktigaste årsakene til meirforbruket i 2021.

Vi fekk tildelt 200 000 kroner i investeringsmidlar frå kommunen for 2021. Etter øknomiplanen var midlane brukt til å planta nye tre på begge gravplassane. I dette prosjektet brukte vi også pengar på ein planteplan som vart laga av trepleiarane i Akasia. Vi brukte ikkje opp alle desse pengane og vi fekk eit mindreforbruk på 52 887,-. Midlane vert overført ubunde investeringsfond.

F – 12/22

## GODKJENNING AV ÅRSMELDINGA FOR 2021

### Framlegg til vedtak:

*Austrheim sokneråd godkjenner årsmeldinga for 2021 slik den ligg føre.*

### Vedtak:

*Austrheim sokneråd godkjenner årsmeldinga for 2021 slik den ligg føre.*

### Bakgrunn:

Årsmeldinga er no klar. 2021 har også vore prega av koronaepidemien i varierande grad. Alt var nesten nedstengt i starten på året. Så opna det seg litt før det vart ny innstramming ved påsketider. Hausten opna det seg litt meir opp før det vart ei ny innstramming igjen før jul. Vi har fått komne litt meir i gang med trusopplæringstiltaka enn i 2020 då mesteparten vart lukka ned. Diakonien har drive godt i 2021 også, med unntak av dei årlege festlege samkomene dei pleier å arrangera. Kyrkjebakken var 50 år i 2021 og vi fekk delt ut ei jubileumsbok i det høvet. Økonomisk går soknet i eit betydeleg meirforbruk på drifta, som ikkje er overraskande med tanke på for stramme rammer frå kommunen.

# MØTEBOK

## SOKNERÅDSSAKER

---

**Forehaving av:**  
Austrheim sokneråd

**Møtestad:**  
Kyrkjelydshuset

**Møtedato:**  
23.03.2022

---

### Tilstades på møtet

**Medlemer:** Helge Dyrkolbotn, Bjørn Helge Olsen, Inger Synnevåg, Arne Lerøy, Gerd Marie Solheim, Edvard Bjerkestra

**Varamedlemer:** Linda Skålevik Syslak.

**Andre:**

Kyrkjeverja: Leif Arne Økland.

**Desse hadde meldt forfall:** Torill Hordvik, Kine Lerøy, Kjell Dahle, Anne Dahle Austrheim.

**Desse møtte ikkje:**

Saker til forehaving:

Soknerådssaker: S- 02/2022 – S 04/2022

Til møtet var medlemer skriftleg innkalla.

**Underskrift:**

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

- Erfaringar frå bygdetreffet: *Om lag 30 personar var tilstades første gongen. Seniorkoret bidrog også. Svanhild Neteland har sagt ja til å koordinera tiltaket. Ho vil få høve til noko kompenasjon i form av løn. Det er pr no ikkje heilt klart om dette er eit eingongstilskot eller om det ligg i korta at det er mogeleg å henta ut meir midlar dei to neste åra.*
- Tildeling av OVF – midlar: *Soknet har fått 17.000 kroner tilsaman i OVF støtte. 10 000 kroner går til Bygdetreffet og 7 000 kroner til søndagsskuleopplegget under gudstenestene.*

Framlegg til vedtak:  
*Saka vert lagt fram til drøfting.*

**Vedtak:**  
*Saka vart utsett.*

**Bakgrunn:**

Vi har vore innom kyrkja sine målsetjingar og val av tiltak tidlegare. Vi har prøvd å vera innom drøfting av målsetjingar og motto tidlegare, men dette har blitt utsett.

9.juni (S -sak 14/21) var staben også med og dette kom ut av drøftingane:

(Jostein Hauge og Amelie Knierem var med på denne drøftinga)

**Sagt i møtet:**

**Å vera synleg:** *Gudstenesta Kristi Himmelfartsdag var eit godt døme på det å vera ein synleg kyrkjelyd, bokstavleg tala. (Dette var ei utegudsteneste på den såkalla «helikopterplassen» utanfor kyrkja – der enkelte bilistar hadde vanskar med å halda seg på vegan). Ei synleg kyrkje handlar om mykje: Om å vera synleg på digitale plattformer, det handlar om utegudstenesta på Årvikane, der grensa mellom deltakarar i gudstenesta og badegjestane er flytande. Ei synleg kyrkje handlar om meir aktiv bruk av kyrkjerommet til undring. Kva med ei kyrkjevandring med rom for alle dei «dumme» spørsmåla? Kva betyr fargane, kvifor er dåpskjolen alt for lang? Kyrkja er full av mysterie. Kan «Rune Brown» (ein variant av «father Brown») hjelpe til med å løysa mysteriet? Det må vera rom for dei med ei forsiktig tilnærming til trua. Kva med å kopla ei kyrkjevandring med ei historisk vandring i samarbeid med kyst og sogelaget? Kva med ein diskusjonskveld med rom for kritiske spørsmål, eller panelsamtale etter ei gudsteneste? Vi bør kunna ha ei gudsteneste i året på Mastrevik Torg. Dette har vi hatt god erfaring med tidlegare. Å vera synleg treng ikkje alltid å vera komplisert. Kyrkja når breidda av folk. Vi treng å tenkja stort om gravferdene. Kan vi ha gudstenester der besteforeldre og barnebarn vert særskilt inviterte? Familiedagen Kristi Himmelfartsdag, med aktivitetar i forkant av gudstenesta var ei flott oppleving.*

**Det tilsette kan ikkje ha den forventninga over seg at dei skal gjera alt dette. Dei tilsette kan fasilitera, men mestedelen av arbeidet er avhengig av dei friviljuge.**

**Annan kyrkjeleg aktivitet:** Det er planar om oppstart av **babylunsjen** igjen. Arrangementet vert flytta frå kyrkjelydshuset til kyrkja. Dette vil styrka trusopplæringsfokuset. **Kyrkjevandring** i samarbeid med kyst og sogelaget må vi få til. Hege Ramsland tek dette med seg vidare. **Søndagsskule** under gudstenestene vert etablert frå i haust av. Rune ordnar med innkjøp av lavvo, som det også vert gitt ei gave til. To familiar har tatt på seg ansvaret for å drifta tiltaket. Oppstart i samband med barnehelga 19.september. **Tårnagent** tek ein sikte på å få gjennomført i samband med barnehelga. **Familedagen** ein hadde kristi himmelfartsdag freistar til gjentaking. **Eigne dåpsgudstenester** kan vera aktuelt å halda fram med også etter at samfunnet opnar opp igjen. Ikkje eit enten/eller her. Dåp skal framleis vera ein del av gudstenesta. Men erfaringane ein gjorde seg under pandemien, er at eigne dåpsgudstenester har blitt svært godt motteke. Dette handlar også om å bli meir synleg og tilgjengeleg.

**Bakgrunn:**

Vi ser fram til at nedstenginga av samfunnet opphører og at vi kan dra i gang igjen tiltak som vi har måttå utsetja. Det vil vera ei spenning i om dette vil gå av seg sjølv eller om vi må læra opp igjen barn og unge – og kanskje like mykje dei vaksne – til å ta i bruk dei aktivitetane som går føre seg i kyrkja. Særskilt med tanke på trusopplæringa, så ønskjer vi at Jostein Hauge og Amelie Knierem er med på denne drøftinga.

Kva skal vi som kyrkjelyd og sokn *egentleg*驱iva med?

S – 04/22 GUDSTENESTEPLANEN UT 2022

**Framlegg til vedtak:**

Gudstenesteplanen vert lagt fram i møtet for godkjenning.

**Vedtak:**

**Framlegg til gudstenesteplan for 2022 vart godkjent.**

**Bakgrunn:**

Framlegg til ny gudstenesteplan ut året vert lagt fram i møtet.